

Tim's travle halvår

Eit nytt kor i prestegjeldet. Samarbeid med Rauma musikkule. Kyrkje-konsertar på rekkje og rad. Med seg sjølv bak orgelet. Med innleigde artistar. Tim Rishton går eit travelt halvår i møte.

Av ØYSTEIN TALBERG

Tim Rishton hadde reiseplanene klare; han skulle forlate Rauma og Grytten prestegjeld. Han ombestemte seg. No bur han og familien i Innfjorden. Han har fått jobben som kantor i prestegjeldet. Og no legg han fram planer – store planer.

Menighetskor

Eit felles kor for heile prestegjeldet er av dei planene Tim Rishton legg fram. Vanlige menn og kvinner med sangstemme. Ei øving i veka; kanskje kvar fjortande dag skal gjere dette koret presentabelt.

– Koret er ikkje meint som forsangarar under gudstenester. Men det skal ha ei viss forankring i kyrkia. fortel Rishton.

Han fortel vidare at planene er at koret skal opptre under gudstenester, men ikkje berre det. Deltaking i konsertar både i Rauma og utanom, er hans tankar omkring det nye koret.

Bakgrunnen for utspelet hans om eit kor tufta på kyrkja er til dels sterkt press frå grupperingar i kyrkjemiljøet. Og ettersom det finnst ein del sangmessige kvalitetar rundt om, fann Tim bryet så absolutt verd.

Og organisten skal vere den musikalsk ansvarlege.

– Eg treng i første omgang rundt 15 personar for å kunne sette i gang korverksemda, fortel Rishton. Han legg til at Åndalsnes vil bli utgangspunktet for koret; det på grunn av at staden ligg midt i prestegjeldet. Når

Tim Rishton får ei traveltid. Massevis av konsertar står på programmet – det i tillegg til jobben hans som kantor i Grytten prestegjeld. (Arkiv: Jo Carlson).



det gjeld repertoaret blir det svært så variert. Både nye og tradisjonelle salmar, vil stå på korets liste over presentasjonar.

– Alle som er interessert i å delta, kan ta kontakt med meg på kyrkje-kontoret, slutter Rishton.

Samarbeid musikkskulen

For å gje kyrkja litt meir enn orgelmusikk og salmesang under gudstenestene, har Tim Rishton no innleia eit samarbeid med Rauma musikkule. Elevar vil delta med musikkinnslag av forskjellige kategori.

– I all hovudsak vil dette vere spel. Kornett ein gong, kanskje fløyte eller andre instrument, fortel kantoren.

Han har vald ut tre kyrkjer der dette samarbeidet skal presenterast. Det er Grytten kyrkje i sentrumsregionen, Voll kyrkje i Måndalen og på Sørsida og Holm kyrkje på Nord-sida.

– Sjølv om desse kyrkjene er utvald i samband med dette samarbeidet, vil det ikkje legges noko dempar på aktiviteten i dei andre kyrkjene, sler Rishton fast.

Konsertar i fleng

Sist laurdag (sjå sak i dag) var det klart for den første av ei rekkje kyrkjekonsertar i Grytten prestegjeld. Romsdalskoret med aktørar som Ola Bremnes, mellom andre, presenterte Petter Dass.

Og så går det slag i slag utover

hausten og vinteren. Konsertar med Tim Rishton bak orgelet – med kjende artistar som trombonisten Andrew Barryman, fløytisten Lindsay Winfield-Chislett og sangarane Jessy Dixon/Elsa Harris for å nemne nokre av dei som står på programmet.

Kyrkjemusikkveka startar i år den 2. november. I ei heil veka skal det presenterast musikk av ulik valør – instrumentalt og vokalt. Kanskje blir besøket av eit kor frå Estland – i Voll kyrkje – den aller største opplevinga?

Torsdag 13. mai 1999 kan og by på ei veldig spesiell musikalsk oppleving. Då kjem nemleg den verdskjende walisiske harpisten Eleri Davies til Rødven kyrkje. Ikkje kvar dag det er harpistar på besøk i Rauma – ikkje kvar dag det blir spela keltisk og klassisk harpemusikk, heller.

Tim Rishton innrømmer at dette er den største satsinga han nokon sinne har vore med på. Han fortel og at årsaken til at han no legg opp til så mange konsertar i kyrkjene rundt om er å senke terskelen inn i Guds Hus.

– Misforstå ikkje. Dette er inga billeggjering av kyrkja. Men det er eit forsøk på å gjere kyrkja til enda litt meir enn til det den i mange tilfeller er i dag, seier Rishton som innrømmer at han med denne satsinga går langt over den stillingsinstruksjonen han har som kantor i Grytten prestegjeld.

– Ein heil del eigeninteresse. Men sjølv sagt håper eg at folk møter opp for å høyre på. Det ligg tross alt ein heil del pengar i ein del av desse prosjekta.

No skal han lage ei brosjyre og håper at næringslivet vil støtte han i arbeidet. Han vil ga «tiggarrunde» for å be om bidrag til noko han føler må vere svært så positivt for heile prestegjeldet.

– Mykje av dette vil bli kvalitets-konsertar eg håper skal bli noko å sjå fram til for alle innbyggjarane i kommunen, sluttar Tim Rishton.

Tim's konsertliste:

Torsdag 15. oktober: Orgelkonsert Vågstranda kyrkje – Tim Rishton.

Onsdag 21. oktober: Orgelkonsert Voll kyrkje – Tim Rishton.

Onsdag 28. oktober: Orgelkonsert Innfjorden bedehusapell – Tim Rishton.

Kyrkjemusikkveke – 2. november: Rauma musikkule, Andrew Barryman og Inger Prøis Andersen deltek under åpninga.

Tirsdag 3. november: Orgelkonsert i Holm kyrkje – Tim Rishton.

Onsdag 4. november: Konsert i Holm kyrkje med fløytist Lindsay Winfield-Chislett og Tim Rishton på orgel.

Torsdag 5. november: Korkonsert i Voll kyrkje med Heinavankar, kjend kor frå Estland.

Torsdag 12. november: Orgel-

konsert i Rødven kyrkje – Tim Rishton.

Torsdag 26. november: Adventkonsert i Vågstranda kyrkje – Tim Rishton.

Søndag 6. desember: Julekonsert i Grytten kirke – Åndalsnes damekor.

Søndag 13. desember: Førjulekonsert i Voll kyrkje – barnekoret Shalom, Måndalen skule og ungdomskorps, John Hudson, Tim Rishton og fleire.

Laurdag 19. desember: Teatret Vårt presenterer ein ny adventskomposisjon med kjente aktørar som Edvard Hoem, Henning Somnero med fleire.

Torsdag 14. januar: Musikkveld i Holm kyrkje – Tim Rishton med kjende salmar frå Storbritannia.

Torsdag 21. januar: Konsert i

Voll kyrkje med John Hudson (kornett) og Tim Rishton (orgel).

Onsdag 27. januar: Konsert i Grytten kirke med Jessy Dixon, Elsa Harris og eit samansett kor.

Torsdag 11. februar: Orgelkonsert i Innfjorden bedehusapell – Tim Rishton.

Torsdag 18. februar: Konsert i Voll kyrkje med Inger Prøis Andersen (piano) og Tim Rishton (orgel).

Torsdag 25. februar: Konsert Grytten kirke med Tim Rishton som spelar Bach og Händel-favorittar.

Laurdag 13. mars: Konsert i Hen kirke med Tomra messingkvintett.

Torsdag 18. mars: Konsert i Rødven kyrkje med musikk for fastetida – Tim Rishton.

Torsdag 25. mars: Konsert i

Holm kyrkje med Tim Rishton og «Kor Fole».

Fredag 2. april: Musikk og meditasjon til Langfredag i Grytten kirke - lesningar og salmesang.

Torsdag 15. april: Påskekonsert i Kors kyrkje – påskemusikk av J. S. Bach.

Laurdag 7. april: Jubileumskonsert med Sahlom i Voll kyrkje – presentasjon av ny CD.

Laurdag 24. april: Jubileumskonsert med Shalom i Hen kirke – presentasjon av ny CD.

Torsdag 29. april: Musikkveld i Vågstranda kyrkje med Tim Rishton.

Torsdag 13. mai: Harpekonsert i Rødven stavkyrkje med den walisiske harpisten Eleri Davies – eit samarbeid med Rikskonsertane.

Torsdag 20. mai: Orgelkonsert i Voll kyrkje – Tim Rishton.